

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 05.09.2012
Møtestad: Rica Maritim Hotel, Haugesund

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Sveinung Stensland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Fonna HF

Møtet blei gjennomført med følgjande agenda:

Velkomen og presentasjon ved styreleiar Oddvard Nilsen

Status og vidare arbeid med økonomi, aktivitet og faglege kvalitetsindikatorar i Helse Fonna HF

- Innleiing ved styreleiar Kjell Arvid Svendsen

Utfordringsområde og satsingsområde i Helse Fonna HF

- BUP. Status og utvikling. Kenneth Eikeset, Klinikkdirektør, klinikk for Psykisk helsevern
- Plan for Psykisk Helsevern i Helse Fonna. Kenneth Eikeset

Spesialisert rehabilitering ved Stord sjukehus

- Laila Nemeth, klinikkdirektør, Medisinsk Klinikk

Byggningsmessig kartlegging og arealplan i Helse Fonna

- Olav Klausen, Adm. dir.

Oppsummering ved styreleiar Oddvard Nilsen

Sakliste

B 084/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 085/12	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 21.06.12 og 22.06.2012
O 086/12	Administrerande direktør si orientering
B 087/12	Rapportering frå verksemda per juni og juli 2012
B 088/12	Årsplan for styret i Helse Vest for 2013
B 089/12	Samhandlingsreforma - handtering av økonomiske konsekvensar
B 090/12	Prosjekt ny straumforsyning ved Haugesund sjukehus
B 091/12	Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF torsdag 7. juni 2012
B 092/12	Utvikling av felles indikatorar - produktivitet og kostnadsnivå
B 093/12	Miljøpolitikk i Helse Vest RHF
B 094/12	Ekstern evaluering av utvalde anskaffingar innanfor område kjøp av spesialisthelseteneste frå private leverandørar
B 095/12	Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) i Helse Bergen - igangsetting av fornya utgreiing av fase 2 på konseptnivå
096/12	Eventuelt

B 084/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Dokument delt ut i møte:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til skriv og meldingar

- Kopi av brev dagsett 27.08.12, frå ordførarane i Nordfjord med ønskje om avklaringar ved Nordfjord sjukehus.

Eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 085/12 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 21.06.2012 og 22.06.2012

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 21.06.2012 og 22.06.2012.

B 086/12 Administrerande direktør si orientering

1 Staten si eigarberetning 2011

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2 Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4 Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 087/12 Rapportering frå verksemda per juni og juli 2012**Oppsummering:**

Ventetidsutviklinga per juli 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 56 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 91 dagar. Ventetida for ventande har ikkje uventa gått opp i løpet av sommaren.

Med unntak av døgnbehandling innan psykisk helsevern for vaksne er aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren, psykisk helsevern for barn og unge og psykisk helsevern for vaksne på same nivå eller høgare enn til same tid i 2011.

Talet på fristbrot for behandla har gått litt ned den seinaste månaden, men talet behandla er og lågare enn resten av året. Talet på korridorpatientar per dag innan somatikken aukar i Helse Stavanger, men har ei positiv utvikling i dei tre andre HF-a. Innan psykisk helsevern var det ingen registrerte korridorpatientar i juli. Talet på langtidsventande har halde seg stabilt gjennom sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 81 % innan somatikk og 82 % innan psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i juni er kr 74,9 mill som er kr 14,8 mill betre enn budsjett. Resultatet i juli er kr 84,6 mill som er kr 13,1 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 440,3 mill som er kr 82,5 mill betre enn budsjettet. Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Stavanger rapporterer ein prognose som er hhv. kr 20, 18,8 og 10 mill svakare enn budsjettet.

Samla investeringar per juli er på kr 697,2 mill. Dette utgjer rett i overkant av 44 % av forventa investeringsnivå i 2012. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme tilfredsstillande.

Per juli 2012 var det samla sjukefråværet på 6,6 % og sjukemeldt fråvær på 5,9 %. Dette er litt høgare enn kva sjukefråværet var i mai, men det er ei forbetring i forhold til juni. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær er markant forbetra i juli 2012 i forhold til tilsvarende tal for juli 2011.

69,39 % av einingane hadde per juli 2012 eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare.

Samanlikna med same periode i 2011 har det vore ein auke med 506 brutto månadsverk og 671 netto månadsverk. Det har vore høgare tal på månadsverk i alle månader i 2012 enn i 2011.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for juli 2012 er på 89 %.

Styret ønskte auka fokus på fristbrot, ventetid, forløpstid for kreftbehandling, korridorpatientar og målet om epikrise ved utskriving.

Dersom det er nødvendig for å nå måla slutta styret seg til å bruke noko ekstra midlar til dette.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2012 til etterretning.

B 088/12 Årsplan for styret i Helse Vest for 2013

Oppsummering:

Årsplan er eit nyttig verktøy for å skape oversikt, strukturere styrearbeidet og prioritere tida slik at dei rette og viktige sakene får breiast plass.

I årsplanen for 2013 er det lagd inn to styreseminar for styret i Helse Vest RHF.

Det er lagd inn presentasjonar med:

- Private/ideelle
- Helse Vest IKT
- Helse Førde
- Helse Stavanger
- Helse Bergen
- Helse Fonna
- Sjukehusapoteka Vest
- Fellesmøte med det regionale brukarutvalet

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF slutta seg til årsplanen for 2013

B 089/12 Samhandlingsreforma - handtering av økonomiske konsekvensar

Oppsummering:

I forbindelse med implementering av samhandlingsreforma pr. 1. januar 2012, var det fleire forhold det var knytt usikkerheit til. Dette gjaldt mellom anna økonomiske konsekvensar knytt til utskrivingsklare pasientar, kommunal medfinansiering og døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane. Det har heile tida vert usikkerheit knytt til i kor stor grad kommunane klarer å ta over aktivitet og kor raskt dette ville skje. I styresak 136/11 B (inntektsfordeling 2012) er det presisert at Helse Vest vil følgje utviklinga nøye og om nødvendig gjere nødvendige tilpassingar under vegg.

Helse Vest har bedt helseføretaka om å gjere greie for ekstra kostnader / manglande inntekter som følgje av samhandlingsreforma. Då rapporteringa frå kommunane ikkje gjer eit klart bilete av eventuelle kostnadsforskjellar blir midlane blir fordelte som eit eingongstilskot etter inntektsfordelingsmodellen.

Styret la vekt på at det må etablerast system som sikrar kvaliteten på øyeblikkeleg hjelp tilbod som blir etablert i kommunane.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest vil dekke dei økonomiske konsekvensane knytt til innføring av samhandlingsreforma med eit eingongsbeløp på kr 50 mill. Midla blir fordelt med basis i somatikknøkkelen i inntektsmodellen og gjev følgjande beløp pr. helseføretak:

Tal i heile mill. kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Dekning av konsekvensar knytt til samhandlingsreforma	14,7	8,7	20,9	5,7	50,0

Dette er eit eingongstilskot som bare blir gitt i 2012. Det vil ikkje bli vidareført i 2013.

2. Tildeling på kr 50 mill. til heleføretaka blir handtert ved at reserven i RHF-et blir redusert frå kr 170,8 mill. til kr 120,8 mill.
3. Avsette midlar til døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane på kr 26,4 mill. blir fordelt til helseføretaka i 2012. Midlane blir fordelt ut frå den fordelingsnøkkel som ligg til grunn for berekning av tilskotet til kvar kommune i føretaksområda. Dette gjer følgjande fordeling på helseføretaka:

Tal i heile mill. kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane	7,8	4,6	11,0	3,0	26,4

B 090/12 Prosjekt ny straumforsyning ved Haugesund sjukehus

Oppsummering:

Helse Fonna har behov for å rehabiliter/utbetre straumforsyninga ved Haugesund sjukehus. Den samla kostnaden vil overstige kr 50 mill. som er grensa for investeringar som må godkjennast av styret i Helse Vest. Administrerende direktør vil her tilrå at styret i Helse Vest godkjenner det aktuelle investeringsprosjektet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest godkjende prosjektet ny straumforsyning ved Haugesund sjukehus med ei samla kostnadsramme på kr 66 mill.
2. Helse Fonna må prioritere å finansiere prosjektet innafor den likviditet som dei klarer å skape gjennom drifta.

B 091/12 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF torsdag 7. juni 2012

Oppsummering:

Torsdag 7. juni 2012 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Akersgata 59 i Oslo/videomøte.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet til etterretning.

B 092/12 Utvikling av felles indikatorar - produktivitet og kostnadsnivå

Oppsummering:

De fire regionale helseforetakene har utarbeidet et konsept for å etablere et felles sett av indikatorer for kostnadsnivå og produktivitet, for ulike tjenesteområder. Et felles indikatorsett skal bidra til å rette oppmerksomhet mot effektiviseringsarbeid og styrke grunnlaget for ledelsesmessig oppfølging og styring. Det tas sikte på at dette konseptet skal prøves ut for et utvalg av helseforetak våren 2013. Arbeidet er utført i regi av nettverket for økonomistyring som ledes fra Helse Midt-Norge RHF.

En felles prosjektgruppe med representasjon fra alle de fire RHF'ene har i 2011 og 2012 arbeidet videre med et konsept for felles indikatorer.

AD-møtet behandlet forslaget til rapport på sitt møte 11. juni og vedtok å gå inn for det foreslåtte konseptet med noen mindre justeringer. Forut for AD-møtets behandling hadde felles RHF-direktørmøter både for økonomi, fag og HR hatt rapporten til behandling. Den vedlagte rapporten ble oversendt HOD 25.06. 2012, med forbehold om styrenes behandling.

Styret presiserte at tilsette sine representantar og verneteneste må få delta på ein god måte i det vidare arbeidet.

På spørsmål frå styremedlem Aslaug Husa gav administrasjonen tilbakemelding på at det og vil komme ei styresak knytt til tilleggsbestillinga frå HOD om organisering av medisinske støttetenester. På oppdrag frå HOD utarbeidar Helse Midt ein felles styresak for alle RHF på dette området.

Vedtak (samrøystes):

Styret for Helse Vest RHF tor fremlagte sak til orientering, og ba administrasjonen følge opp det vidare arbeidet basert på konseptet beskrevet i rapporten og føringene fra Helse- og omsorgsdepartementet.

B 093/12 Miljøpolitikk i Helse Vest RHF

Oppsummering:

Helse Vest RHF sin miljøpolitikk:

«Helse Vest RHF skal vere blant dei fremste i arbeidet med å fremje ei miljøvennleg og berekraftig verksemd. Dette gjeld både internt ved RHF-et og i utøvinga av den regionale rolla.»

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok følgjande miljøpolitikk for Helse Vest RHF:

«Helse Vest RHF skal vere blant dei fremste i arbeidet med å fremje ei miljøvennleg og berekraftig verksemd. Dette gjeld både internt ved RHF-et og i utøvinga av den regionale rolla.

Dette inneber at Helse Vest RHF skal

- *ta ein leiande posisjon, og vere ein aktiv pådrivar i spesialisthelsetenesta sitt arbeid med å nå dei nasjonale miljø- og klimamåla*
- *kontinuerleg førebyggje forureining og betre det ytre miljøet*
- *lære opp og inspirere alle medarbeidarar til auka fokus på miljøomsyn*
- *fremje nytenking kring miljøvennlege løysingar i verksemda vår*
- *prioritere miljøomsyn i alle rutinar på alle nivå i verksemda*
- *ha eit ISO 14001-sertifisert miljøstyringssystem*
- *etterleve lovkrava, og vere i forkant så sant det er mogleg*

I kraft av den regionale rolla, har Helse Vest RHF eit særleg ansvar for å ta miljøomsyn ved anskaffingar. Vi skal nytte innkjøpsmakta vår til beste for miljøet ved å

- *vurdere miljøpåverknaden av anskaffingane våre på førehand*
- *sette og følge opp krav til leverandørar om miljøvennlige produkt og tenester*
- *sette og følge opp etiske og sosiale krav som og kan betre det ytre miljøet*

Miljøpolitikken skal vere kjend for alle medarbeidarar i Helse Vest RHF, føretaksgruppa, leverandørar og samarbeidspartnarar.»

B 094/12 Ekstern evaluering av utvalde anskaffingar innanfor område kjøp av spesialisthelseteneste frå private leverandørar

Oppsummering:

Helse Vest har hatt ein ekstern evaluering av kjøp av helsetenestar. Evalueringa har tatt utgangspunkt i tre perspektiv:

- eit pasientperspektiv
- eit leverandørperspektiv
- vurdering av anskaffingsprosessen

Totalt sett viser evalueringsrapporten at gjennomføring av anskaffingane har hatt ein positiv innverknad på utvikling av tenesta sitt innhald både frå eit pasientperspektiv og leverandørperspektiv. Rapporten peiker også på utfordringar og forbettringspotensiale i gjennomføring av anskaffing av spesialisthelseteneste.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok evalueringsrapporten til orientering.
2. Styret ba administrasjonen om å nytte alle merknadar og tilrådingar i rapporten i det vidare forbettringsarbeidet innanfor kjøp av helsetenester.

B 095/12 Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) i Helse Bergen - igangsetting av fornya utgreiing av fase 2 på konseptnivå

Oppsummering:

BUSP prosjektet er tidligare lagt fram som ein samla prosjektutgreiing på konseptnivå, både somatik og psykiatri. Når prosjektet blei lagt fram til handsaming hausten 2009 (styresak 081/09 B) tok berre styret i Helse Vest stilling til vidareføring på forprosjektnivå av trinn 1 av denne utbygginga, psykiatridelen (BUSP 1).

Med bakgrunn i endra planar, mellom anna om å flytte fødetilbodet i Helse Bergen inn i eit framtidig BUSP-prosjekt, vil den samla utbygginga av BUSP ha eit endra innhald og omfang enn det konseptet som blei lagt fram for Helse Vest styret i 2009.

Med dette som bakgrunn er det det er behov for å få fram eit nytt, revidert konsept for fase 2 av BUSP-prosjektet.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til at det blir sett i gang fornya utgreiing av BUSP fase 2 på konseptnivå.

096 / 12 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

SKRIV OG MELDINGAR**Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 190612 – Rapportering frå Helse Vest RHF per mai 2012
- Kopi av brev frå Statens Strålevern til Helse Bergen HF, dagsett 130612 – Lukking av avvik etter tilsyn og varsel om pålegg
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 040712 – Oversendelse av rapport etter tilsyn med Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Stavanger, dagsett 270612 – SUS – kapasitetsproblemer i LAR
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Voss DPS NKS Bjørkeli, dagsett 080612 – Melding om tilsyn ved Voss DPS NKS Bjørkeli 23. – 24. august 2012
- Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til HSR, dagsett 270712 – Oppfølging av tilsyn med Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus
- Brev frå Helse Vest RHF til Fylkesmannen i Hordaland, dagsett 200612 – Tilsyn – barne- og ungdomspsykiatri – Helse Vest RHF
- Brev frå Bergen kommune til Helse Vest RHF, dagsett 080812 – Spesialistavtaler i Åsane og Nordhordland
- Brev frå Jordmødrene i Nordhordland/Åsane bydel til Helse Vest RHF, dagsett 150812 – Angående spesialistheimel til gynekolog i Åsane bydel Bergen
- Protokoll frå Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF, dagsett 140612

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:

- Kopi av brev dagsett 27.08.12, frå ordførarane i Nordfjord med ønskje om avklaringar ved Nordfjord sjukehus.

Ref. Torunn Nilsen
05.09. 2012

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Sveinung Stensland

Torill Selsvold Nyborg

Olin Johanne Henden

Lise Karin Strømme

Tom Guldhav

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva